

REFERAT FRÅ ÅRSMØTE 2012 I

MRGL – Møre & Romsdal Gjeterhundlag

Det var 20 møtande på årsmøtet laurdag den 09.02.2013 kl 11.00 på Systra Kafe – Sjøholt.

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.
Godkjent samrøystes.
2. Val av møteleiar, Odd Bjarne Bjørdal. Protokollfører Nils Edmund Stråmyr. To til og undertekne protokollen saman med møteleiar er Vidar Sunde og Frank Ole Bonsaksen.

Oppteljing av utsendingar: 15 representantar med stemmerett; 3 frå VSG, 6 frå MMG, 4 frå Indre, 2 frå NRG.
3. Årsmeldinga vart godkjent med følgande kommentarar:
Sunniva Nupen ville ha med noko om unghundcupen som vart vunnen av Bente Bonsaksen og Koks, i årsmeldinga. Nordmøre og Romsdal gjetarhundlag har treningar tysdag og torsdagar. Instruktørkurs, og at dette ikkje hadde vorte noko av, vart og kommentert. Det er viktig å finne ut kvar manglane er for å få ny godkjenning for dei instruktørane som har vore godkjent tidlegare samt å få nyrekruttering som må gjennomgå NSG si instruktør opplæring. I Norgesseriefinalen var det 30 startande.
4. Årsrekneskap.
Odd Bjarne orienterte om økonomien, og rekneskapen var revidert og funnen i orden. Driftsresultat på kr 5794,60 og eigenkapital på kr 33515. Ingen hadde kommentar og rekneskapen vart så samrøystes godkjent.
5. Arbeidsplan 2013
Arbeidsfelleskap om å utarbeide ein plan for fylket som heilheit. MRGL har søkt om norgesserieprøve 28-29/9, Fylkesmeisterskap arrangert av MMG den 6/10-13, NM-uttaksprøve i Ørsta 2/6-13 og ei i Batnfjorden i august. (evt. Høgseth i Sykkylven)
Det som elles kom ut av dette arbeidet med å tidfeste prøver og kurs legg Andor inn på mrgl.no
6. Budsjett 2013
Vanskeleg å lage før arbeidsplanen er klar, men i utgangspunktet satser vi på å gå ut i null. Utgiftene må med andre ord vere lik inntektene.
7. Val av valnemndsmedlem for 4 år frå VSG.
Jens Terje Tennfjord valt til ny medlem i valnemnda.
8. Val (ved Bente Bonsaksen i valnemnda):
 - a. Leiar for 1 år: Odd Bjarne Bjørdal med personleg vara Sunniva Nupen for 1 år.
 - b. Styremedlem for 2 år: Nils Edmund Stråmyr med personleg vara Andor Bjørke.
 - c. Styremedlem for 2 år: Bjørn Inge Naastad med personleg vara Alvin Harstad.
 - d. Personleg vara for Vidar Sunde vart valt Arnfinn Lien for 1 år.
 - e. 1 representant til årsmøtet MRSG vert leiar Odd Bjarne Bjørdal.
 - f. Revisor 1 for 2 år vart attval på Atle Arnesen

- g. Godtgjering av tillitsvalde vart halden uendra, 2700 for leiar, 1000 for styremedlemar og 2000 for webansvarleg.

9. Innkomne saker:

- a. Uttaksreglement for NM 2013

Årsmøtet vedtok følgjande:

Det skal vere fem uttaksprøver der dei fire beste vert teljande.

(I år vert det FM, to landsprøver i Follestaddalen, ei DP i Ørsta og ei DP i Batnfjorden.)

Poengskalaen skal vere 15, 12,10, 8,7,6,5...

Fylkesmeisterskapet skal ikkje telje dobbelt.

Fylkesmeisteren skal ikkje vere direkte kvalifisert til NM.

- b. Høyring dommarordninga

Frå Gjetarhundrådet i NSG har MRGL motteke høyring på dommarordninga med høyringsfrist 15 februar 2013.

Årsmøtet i MRGL meiner at dagens dommarordning er god. Det er imidlertid rom for forbetringar når det gjeld å få einsarta informasjon frå seniordommar og vidare ut til den einskilde dommar. Dette bør etter årsmøtet si meining gjerast med eit felles skriftleg referat.

Denne ansvarsoppgåva bør fordelast på to/tre seniordommarar som så i sin tur får ansvar for å formidle dette til landet sin dommarstand på høveleg måte.

Årsmøtet ville på denne måten ha ein regiondommar med ansvarsområde for alt unnateke informasjon og formidling til dei andre dommarane.

Det vart og etterlyst ei evalueringsordning for dommarane der dei får tilbakemelding på jobben dei gjer. Åremål på seniordommarane var og eit framlegg. Viktig at dommarane har erfaring med å konkurrere på gjetarhundprøver i klasse 3.

Sjøholt den 09.02.2013

Odd Bjarne Bjørdal, Leiar

Vidar Sunde

Frank-Ole Bonsaksen